



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll kyrkjekontor

Kyrkjerådet
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

ASKVOLL, 14.06.2017

Vår ref: 2017/53

Høyringsvar frå Askvoll sokneråd - nye valreglar

Etter vedtak i Askvoll sokneråd i møte 13.06.2017 gir vi slikt høyringsvar i høyring om nye reglar for val av sokneråd og bispedømmeråd/kyrkjemøte:

2.1 Direkteval eller kombinasjonsordning med direkte og indirekte valomgang til bispedømmeråd/Kyrkjemøte.

- Askvoll sokneråd meiner at val til bispedømmeråd/Kyrkjemøte skal skje ved direkte val.

2.2 Fleirtals- og forholdstalsval

- Askvoll sokneråd meiner at alle bør ha høve til å stille listeforslag, men under mest mogleg like vilkår. Vi går såleis inn for Kyrkjerådets alternativ 2 i høyringsnotatet (Ordning med nominasjonskomiteens liste og andre lister – samtidige frister).

2.3 Tilskotsordning for finansiering av nomineringsgrupper m.m.

- Askvoll sokneråd meiner det ikkje er behov for ei særskilt tilskotsordning til ulike nominasjonsgrupper. Om slike grupper har behov for særskilt støtte, må dei søkje dei aktuelle valstyra om dette.

2.4 Personvalreglar

- 2.4.1 Maksimalt tal personstemmer på 3 pr. stemmesetel vert vidareført.

- Regel om at strykningar er tillete bør verte innført, for at veljaren skal ha størst mogleg innflytelse på stemmeseddelen. Talet strykningar bør maksimalavgrensast til 3.

- 2.4.2 Det bør innførast ei sperregrense på 8% for personstemmer for at desse skal telje med (alternativ 3 frå Kyrkjerådet).

- 2.4.3 Det bør ikkje opnast for tilleggsstemmer (førehandskumulering) på listene.

2.5 Valkrinsar og stemmekrinsar

- Askvoll sokneråd meiner det ikkje bør vere høve til å avgje stemme i anna sokn på valdagen.

3 Stemmerett og manntal

- Askvoll sokneråd støttar forslaget om at det vert innført skjæringsdato 30. juni for manntalsføring og medlemsstatus pr. 1. september som grunnlag for stemmerett.

Det bør ikkje lagast eigne manntalslister for prestar og lek kyrkjeleg tilsette, men data her bør enkelt kunne verte innarbeidd i dei ordinære manntalslistene.

Kapitla 4-6:

- Ikkje særskilt høyringsvar.

7. Krav til kjønnsbalanse på listeforslaga

- Askvoll sokneråd er usamd med Kyrkjerådet her, og meiner at listeforslaga ved val av prestar og lek kyrkjeleg tilsette til bispedømmeråd og Kyrkjemøte skal ha samme krav til kjønnsbalanse som listeforslaga for leke medlemer i sokneråd, altså minst 40% representasjon av kvart kjønn.

Mvh

Rune Ziener
kyrkjeverje